Stavanger, 24.03.25

INNKALLING TIL STYREMØTE nr. 3 i 4H ROGALAND

Dato:	**26.03.2026**
Klokka:	**18.00 – 20.00**
Sted:	**Kontoret, Sandvikveien 21**

Meld fra om eventuelt forfall tidligst mulig til leder.rogaland@4h.no

Disse blir kalt inn til møtet:
Styret: Kim Nessa, Birger Hetland, Mathias Vigane Hetland, Mathias Vangsnes Bollestad, Anna Laurentse Søyland
Vara: Torje Eidland, Vegard Madland, Konrad Bue Tjelta
Fra RAA:
Fra kontoret: Hege Reime

Saksliste

SAK 21/26	**Godkjenning av innkalling og sakliste**
SAK 21/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 22/26	Godkjenning av referat frå sist styremøte
SAK 23/26	Orienteringssaker
SAK 24/26	Invitasjonar og Representasjoner
SAK 25/26	Konstituere nytt styre
SAK 26/26	Møteplan
SAK 27/26	Signaturrett til tilsette
SAK 28/26	Deltakarstøtte til landsleir
SAK 29/26	Valkomité 26/27
SAK 30/26	Eventuelt

Forslag til vedtak:
Innkalling og sakliste godkjent.

SAK 22/26 Godkjenning av referat frå sist styremøte

Referatet frå styremøte 26/03 er godkjent på e-post like etter møtet, men blir formelt godkjent på styremøtet.

Forslag til vedtak: *Referat frå styremøte 26/03 er godkjent.*

SAK 23/26 Orienteringssaker

Tiltak	Orientering	Ansvarlig

Medlemstal	Per 24.03 er det 920 medlemmar i 4H Rogaland. Mot 1151 medlemmar 31.12. 1.mars til 30.april er det vårgnist vervekampanje der ein får 25% rabatt om ein melder seg inn i 4H. Vervemålet for utgangen av 2026 er 1400 medlemmar.	Kim
Sosiale media	Facebook: 1897 (24.03), opp 1 frå februar. 823 mot 820 på instagram i februar.	Kim
Fylkesstyreopplæring/Insporama og landstyremøte	17. – 19. april er det fylkesstyreopplæring nasjonalt for det nye styret. Sundag 19. er det landsstyremøte – som består av sentralstyret og alle fylkesleiarane, samt representant frå Norske 4H-alumner og 4H-gard Norge. Leiar er 4H Rogaland sin landsstyrerepresentant. Me har 4 plasser, kven frå styret skal reisa? Opphald og reise dekkast av 4H Norge/4H Rogaland	Hege
Fylkesstyreopplæring for 4H Rogaland	Styret i Rogaland plar å ha si eiga fylkesstyreopplæringshelg i løpet av våren. Her skal ein gjennom opplæringsmodular som er felles for heile landet. Dette treng ikkje å vera ei heil helg, men det er fint med ei overnatting for å bli kjent. Styret må finna nokre datoar som passer.	Kim
Landsleir 2026	Påmeldinga er open – spreie ordet. Per 24.03 er det påmeldt 33 stk på fellesreise til landsleir. Birger Hetland blir hovudleiar, og det er kome inn nokre forslag til vaksenleiarar. Kontoret jobbar med dette og legg fram ei innstilling til neste styremøte.	Hege

SAK 24/26 Invitasjonar og Representasjon

Invitasjon til	**Dato**	**Kven frå styret deltek/deltok?**
Frivilligbørs i Sandnes	16. april kl 16 – 20.	

SAK 25/26 Konstituere nytt styre

Styret må konstituerast, altså ein må fordela rollar ut over leiar. Dette gjeld for styremedlemmane og ikkje varamedlemmane.

Rollane er:
Nestleiar
Sekretær
Økonomiansvarleg

Informasjonsansvarleg

På neste møte kjem me til å gå gjennom og fordela ansvarsområde ut over desse rollane, som for eksempel arrangement, 4H gard-oppfølging osv.

Forslag til vedtak: *Styret vedtek xxx som nestleiar, xxx som sekretær, xxx som økonomiansvarleg og xxx som informasjonsansvarleg.*

SAK 26/26 Møteplan

Styremøter er ca ein gong i månaden, kva dag og når i mnd passer det best?

Forslag til vedtak: *(sett inn datoar her)*

SAK 27/26 Signaturrett til tilsette

Signaturrett til tilsette er å gje tilsette fullmakt til å inngå avtaler i 4H Rogaland sitt namn utan at alt fell på leiar.

Forslag til vedtak: *Styret vedtek at Tamara Kuklina, Hege Reime og Tone Ravnås får signaturrett for 4H Rogaland.*

SAK 28/26 Deltakarstøtte til landsleir

Årsmøtet vedtok å bruka 50 000 kr av eigenkapitalen til 4H Rogaland på å støtta reise/deltakaravgift til deltakarar på landsleir. Det er per 24.03 påmeldt 33 stk på fellesreise, ikkje alle av disse har huka av for trenger deltakarstøtte.

Forslaget frå kontoret er at dei 50 000 kr blir fordelt flatt på dei som har meldt seg på fellestransporten. Me har i tillegg inne ein søknad på 50 000 kr til deltakarstøtte generelt hjå Sparebankstiftelsen Sør-Norge. Om denne går gjennom foreslår kontoret å setja av 40 000 kr av disse til deltakarstøtte til landsleir til dei som søkjer spesifikt om det.

Forslag til vedtak: *50 000 kr blir fordelt flatt mellom påmeldte til fellesreisen på landsleir. I tillegg setjast 40 000 kr av midlar frå Sparebankstiftelsen Sør-Norge til deltakarar på landsleir som søkjer om støtte om me får tilsagn på søknaden.*

SAK 29/26 Valkomite 26/27

Tidlegare styret la ikkje fram innstilling til valkomite, og årsmøtet ga difor fullmakt til fylkesstyret å finna to kandidatar, samt ein vara, til valkomiteen 26/27. Dette er lurt å få på plass tidleg, slik at dei som skal sitja i valkomiteen kan begynna å sjå etter aktuelle kandidatar i løpet av året.

Forslag til vedtak: *xx og xx får ansvar for å finna 2 kandidatar og eit varamedlem til valkomiteen til neste møte.*

SAK /26 Eventuelt

Neste møte: